

## Klappa for Systrene Nilsen

11.04.2011



Eigarane og drivaren fekk klapp på møtet. Morten står og systrene Frøydis og Gunnhild sit.

**Mange i Uskedalen klappar for Systrene Nilsen og  
ikveld gjorde dei 25 deltarane i Uskedalen Utviklings  
sommarmøte det..**

I møteserien som kallast Dialogforum  
vart det som skal skje i bygda denne sommaren presentert.  
**Møtet vart halde i det tidlegare Vertshuset og eigarane Frøydis Nilsen  
Mathisen og Gunnhild Nilsen Hillestad presenterte dei umiddelbare  
planane sine saman med drivaren Morten Nilsen.**



[25 var på møtet om Sommarbygda Uskedalen](#)

Han konsentrerte seg særleg om påskeprogrammet som vi har presentert på annan plass, men kasta og eit gløtt inn i sommarsesongen som startar 11. juni. Etter sesongslutt vil det truleg bli satsa på lukka lag. Dei frammøtte fekk og ei svært vellukka smaksprøve frå påskemenyen - is frå Isrosa i Herøysund.

Arne Terje Haugland hadde alle med seg då han gratulerte dei nye eigarane og berømma Morten Nilsen for det gode omdøme serveringsstaden allereie har fått. Ein førebels arrangementsoversikt starta med låvedans på Dønhaug 20. april, Magne Huglen opplyste at situasjonen er noko uklar etter at kommunen har truga med å inndra skjenkeløyvet på grunn av branngleiken. Huglen hevdar på si side at det ikkje eksisterer noko avvik frå føresegngene og viser her til tre konsulentrapportar. Dønhaug-programmet inneheld også låvedans 11. juni, som i tillegg er Aktivitetsdagen dette året. Solfjelløp nummer 3 går ei veke seinare.

Kristian Olav Bringedal, som leier gruppa for marknadsføring og profilering, presenterte dei publikasjonane som vil ha stoff om Uskedalen i nær framtid. Ein av dei er Kvinnherad-magasinet som vil bli trykt i eit opplag på 50.000 og blii sendt ut i slutten av mai.

Den spørjeundersøkinga som har vore gjennomført i to år vil ikkje bli gjenteke. Bringedal presenterte nokre av svara frå gjestene, som mellom anna påpeika for liten kapasitet på toalett og vask i båthamna og for liten trådlaus dekning på internett. Steinar Myklebust etterlyste kart med stinnett og turgruppeleiari Steinar Haugland lova å gjera noko med det.. Han ynskte også fleire bilete frå turstilbodet.. Ellers vil det no bli skilta mot badestranda.

Arne Terje Haugland såg optimistisk på fiskesesongen som iår startar i elva 15. juni og som før varar til 15. september.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen